



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.: 16/3829

Vår dato: 16.04.2018
Vår ref.: 2016/14413
Arkivnr.: 563

Olje og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Fråsegn til NVE sin innstilling om ny 420 kV kraftleidning Lyse - Fagrafjell

Fylkesmannen i Rogaland stiller seg bak innstillinga til NVE når det gjeld val av trasé og av Fagrafjell som transformatorstasjon.

Avbøtande tiltak for naturmangfald er ikkje detaljert skildra i innstillinga, dette må vere på plass i ein MTA-plan.

Me ber om at det stilles krav til ein risiko- og sårbarheitsanalyse som går på forsyningsstryggleik i samband med etablering av Fagrafjell, og før det blir bestemt at 300 KV linene frå Kielland og Tonstad kan flyttast frå Stokkeland til ny trafo på Fagrafjell.

Mastepunkt, anleggsvegar og andre faste installasjonar bør så langt der er mogleg leggst utanom dyrka mark.

Der det byggast ny veg bør den tilbakeførast så godt som råd til opphavelig tilstand etter byggeperioden.

Me synar til høyring av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sin innstilling i saka om ny 420 kV kraftleidning mellom Lyse og Fagrafjell og ny Fagrafjell transformatorstasjon. Saka er sendt oss på høyring frå Olje- og Energidirektoratet i brev datert 05.01.2018.

Om NVE sin innstilling

NVE anbefalar at Statnett vert gitt konsesjon til bygging av ny kraftleidning frå Lyse til Fagrafjell og ny transformatorstasjon ved Fagrafjell. Dette grunna NVE sin vurdering av at forsynings-sikkerheita i Rogaland er for dårleg og ikkje i tråd med forskrift om systemansvar. NVE meiner at dei samfunnsmessige fordelane ved bygging av anlegga utan tvil er større enn skadar og ulemper som vert påført andre. NVE tilrår bygging av følgande:

- Ny, om lag 76 km lang, 420 kV kraftleidning mellom Lysebotn og Fagrafjell i desse traseane:
 - o Trasé 4.1 opp fjellsiden frå Lyse transformatorstasjon i Forsand kommune og deretter trasé 4.1.11 til Fyljesdalen.

- Trasé 4.1 frå Fyljesdalen til Oaland, deretter trasé 4.1.2 forbi Fossanmoen, og vidare trasé 4.1 til Seldalsheia i Sandnes kommune.
- Trasé 2, 2B og 2 frå Seldalsheia til Kolfjellet.
- Trasé X.2.1, X.2 og X.2.3 frå Kolfjellet til Fagrafjell transformatorstasjon på grensa mellom Sandnes og Time kommunar.
- Ny transformatorstasjon på Fagrafjell og naudsynt omlegging av eksisterande leidningar.

Heile strekket er planlagt bygd som luftleidning. Mastehøgde vil vere 25-30 meter, og rydde- og byggeforbudsbeltet kring traseen skal ha ein bredde på om lag 40 meter.

Eit løyve forutsett at dagens 132 kV luftleidning Lyse-Tronsholen 2 vert tatt ned på strekninga mellom Lysebotn og Seldalsheia. Resten av 132 kV leidninga vert ståande fram til det er avklart nettilknytning av ny kraftproduksjon ved Gilja og Seldal.

NVE anbefaler at Statnett vert pålagt å montere fugleavviserar på den nye leidningen ved Stora Hellesvatnet i Forsand og på dagens 300 kV leidning der den vert lagt i ny trasé over Figgjoelva i Time og Sandnes. Vidare skal det settast vilkår om ein miljø-, transport- og anleggsplan (MTA-plan) som skal sikre at Statnett tar aktuelle interesser med på råd i detaljplanlegging og gjennomføring av anleggsarbeid og skogrydding. Mellom anna skal planen beskrive korleis anleggsarbeidet kan uføres for å minst mogleg forstyrre kjende reirlokalteter av hubro i hekketida. Det er også ei anbefaling at Statnett vert pålagt å rydde skog slik at leidningens synlegheit vert redusert og som tar omsyn til naturmangfaldet i anleggsperioden.

Fylkesmannens vurdering

Traseen NVE rår til å velje går i liten grad gjennom nye områder utan tekniske inngrep. Val av trasé 4.1.11 i Forsand kommune, og trasé 2 og 2 B i Sandnes kommune er i tråd med våre anbefalingar i tidlegare uttaler.

Naturmangfald

NVE vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å kunne drøfte og vurdere effekten av kraftleidningen, transformatorstasjonen og naudsynte anleggsvegar og anleggsområde på naturmangfaldet. NVE synar til at Fylkesmannen i sin uttale til konsesjonssøknaden i 2013 vurderte kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg. Sidan 2013 har traseen for kraftleidninga endra seg betydeleg. Kunnskapsgrunnlaget som Statnett presenterer i konsesjonssøknaden fremma i 2016 gir ei detaljert beskriving av nye trasear og konsekvensane dei kan ha for mellom anna landskap, naturmangfald, naturressursar, forureining og friluftsliv. Me vurderer derfor kunnskapsgrunnlaget til å vere godt nok også denne gong.

Det vil vere behov for å krysse dei verna vassdraga Espedalselva, Figgjo og Ims. Fylkesmannen legg til grunn at kantvegetasjonen og sjølve vassdraga ikkje vert påverka av kraftlinjebygginga.

Naturtypen kystlynghei vert sterkt råka av planlagt utbygging. På Fagrafjell vil ein viktig førekomst av kystlynghei forsvinne under bygging av transformatorstasjonen. I tillegg vil kraftleidningstraseen gå gjennom kystlynghei i fleire område. Me har tidlegare påpekt at det bør vere krav om skjøtelsplan for kystlynghei der denne vert råka. NVE vurderer at tiltaket vil ha liten konsekvens for naturtypen så lenge skjøtsel kan halde fram etter at kraftleidningen er bygd. Statnett seier at det kan gis løyve til brenning dersom dei får beskjed innan september året før brenninga skal gjennomførast. Det vil også vere eit krav at personell frå Statnett skal vere til stades under brenninga. Me er usikre på om dette er tilstrekkeleg for å sikra tradisjonell skjøtsel for å unngå gjengroing. Når ein viktig førekomst som Fagrafjell vert borte som følge av bygginga, bør det vere eit krav om at det skal gjennomførast avbøtande/kompenserande tiltak. Ein skjøtelsplan som hindrar tap av kystlynghei langs traseen kan vere eit slikt tiltak.

Når det gjeld konsekvensar for fugl er tap av leveområde og kollisjon med linjer det som kan gi størst negative følgjer. NVE anbefalar at fugleavvisarar skal monterast på 2 strekk; på spennet der 300 kV leidningen får Tonstad kryssar over Figgjoelva mellom Fagrafjell og Stokkeland transformatorstasjonar, og mellom Nordstølfjellet og Husafjellet i Forsand. Vidare skrivar NVE at endeleg avgrensing av strekningar der fugleavvisarar skal monterast bør gjerast i samråd med Fylkesmannen i arbeidd med MTA-planen. Vidare skriv NVE at MTA-planen skal skildra korleis anleggsaktiviteten best kan tilpassast hekketida for hubro, men at det ikkje skal settast vilkår om tilpassing av anleggsaktivitet på Fagrafjell. Dette fordi at anleggstida då kan vare lenger.

Det er positivt at NVE anbefalar bruk av fugleavvisarar, men i høve til dei fuglerike områda kraftleidningen skal gå gjennom, er det lite å merke to strekk. Når det gjeld Fagrafjell er det ein velbrukt hekkeplass for hubro mindre enn 1 km frå anleggsområde. Det vart dokumentert vellykka hekking her mellom anna i 2015. Det burde i det minste stillast vilkår til helikoptertrafikk i hekketida, då hubro (og andre rovfuglar) er særleg sårbare for slik forstyrring.

Landbruk

Med bakgrunn i Stortingets vedtekne jordvern mål om ein redusert omdisponering av jordbruksjord og maksimalt 4000 dekar åreleg på landsbasis, må ein velje løysingar som størst mogleg grad tek i vare jordvernet. Mastepunkt, anleggsvegar og andre faste installasjonar bør så langt der er mogleg leggst utanom dyrka mark. Naudsynte vegar bør i størst mogleg grad planleggjast slik at dei kan nyttast til og er mest gagnlege for landbruket. Med omsyn på gjødselspreiing bør ein velje løysingar som i minst mogleg grad fører til restriksjonar for gjødselspreiing.

Samfunnstryggleik

I forhold til trusselbiletet no er det viktig å vere særleg merksam på kritiske samfunnsfunksjonar og at vi bygger robuste system som er vanskelege å sette ut av spel. Stokkeland trafostasjon har i dag ein sentral rolle i straumforsyninga for heile Sør-Rogaland. Med omsyn på forsyningstryggleiken meiner Fylkesmannen at dette ikkje gir oss god nok redundans i transmisjonsnettet.

Når det no skal byggast ei ny 420 transmisjonsline frå Lyse til Fagrafjell må vi ikkje samle alle transmisjonslinjene inn mot same trafo, slik at eit utfall av Fagrafjell vil føre til at heile regionen kan bli utan straum over lengre tid. Fylkesmannen ber derfor om at det stilles krav til ein risiko- og sårbarheitsanalyse som går på forsyningstryggleik i samband med etablering av Fagrafjell og før det blir bestemt at 300 KV linene frå Kielland og Tonstad kan flyttast frå Stokkeland til ny trafo på Fagrafjell.

Permanent og midlertidig arealbruk til veg/riggplassar

Det er viktig at konsekvensar av nødvendig opparbeiding og bruk av infrastruktur vert utgreidd. Det bør ikkje byggast ny veg med mindre det er strengt nødvendig, og Statnett må i slike høve sikre god etterbruk. Når det gjeld riggplassar gjeld same prinsipp som for veg. Areal som berre vert nytta i anleggsperioden må tilbakeførast så godt som råd til opphøveleg tilstand etter at arbeida er ferdig utført. Me er kritiske til ordninga med å overføre anleggsvegar til grunneigarar etter byggeperioden. Me er bekymra for at ein slik ordning vil føra til nye vegar der det i dag ikkje eksisterer veg. Det bør vere et krav om at overføring av veg til grunneigarar berre kan skje der Statnett rustar opp eksisterande veg. Der det byggast ny veg bør den tilbakeførast så godt som råd til opphøveleg tilstand etter byggeperioden.

Me er samd med NVE i at det nordlege alternativet for adkomstveg til Fagrafjell transformatorstasjon er det beste. Det nordlege alternativet krev bygging av mindre ny veg enn det sørlege alternativet. Kulturlandskapet her har stor verdi, og består av ein mosaikk av myrer, bekkar, kysthei og blokkrik beitemark. Det er eit særprega lausmasserikt landskap av stor kvartærgeologisk verdi. Det er mange flotte kvartærgeologiske avsetningar i området. Det er derfor viktig å sørge for

at minst mogleg areal vert påverka av arbeida og at bygginga skjer på ein slik måte at ein unngår negativ påverknad av areal utanfor byggeområdet (til dømes drenering som skadar omkringliggande myrer, bekkar og kysthei). Det sørlege alternativet vil også ha følgjer for eit svært viktig leveområde for rådyr med mange familiegrupper.

Konklusjon

Fylkesmannen er opptatt av at Sør-Rogaland må få ei forsterka kraftforsyning. Ei trygg energiforsyning er avgjerande for samfunnstryggleiken. Me stiller oss bak innstillinga til NVE når det gjeld val av trasé og av Fagrafjell som transformatorstasjon.

Avbøtande tiltak for naturmangfald er ikkje detaljert skildra i innstillinga, dette må vere på plass i ein MTA-plan. Me ber om at det stilles krav til ein risiko- og sårbarheitsanalyse som går på forsyningstryggleik i samband med etablering av Fagrafjell og før det blir bestemt at 300 KV linene frå Kielland og Tonstad kan flyttast frå Stokkeland til ny trafo på Fagrafjell. Mastepunkt, anleggsvegar og andre faste installasjonar bør så langt der er mogleg leggst utanom dyrka mark. Der det byggast ny veg bør den tilbakeførast så godt som råd til opphøveleg tilstand etter byggeperioden.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernshjef

Cathrine Stabel Eltervåg
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Cathrine Stabel Eltervåg
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 15
E-post: fmrocs@fylkesmannen.no